



Rosendal Musikklag spelar under Sidsfestivalen i Stavanger. (Foto: Thor Inge Døsland)

**Rosendal Musikklag med Torstein Hatlevik som dirigent, kom på 9. plass av 23 korps i 4.divisjon i NM ibrass i Bergen. Uskedalen var solid representert i kopset I fjor vart kopset nummer 14 blant like mange korps.**

Det er godt gjort at Kvinnherad har eit korps som hevdar seg i dette kvalitetsselskapet. Dermed er dei sikra plass i 4.divisjon også neste år.

Mange korps rykkjer ned i 5.divisjon då det neste år skal vera maksimalt 15 korps i 4.divisjon.

Det var enorm stemning under festkonserten i Grieghallen i kveld.

Det britiske toppkorpset Black Dyke Band hadde konserten og det formeleg kokte i salen. Spenninga var på bristepunktet då resultatata vart gjort kjent ved slutten av konserten.

Litt av ei oppleving for deltakarane!

Bergen Brass Band med dirigent. Sturle Berntsen vann 4. divisjon.

I elitedivisjonen gjekk Eikanger-Bjørsvik til topps foran Manger og Stavanger.